

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 12.11. 2009
Sakhandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: **Kvalitetssatsinga i Helse Vest – status hausten 2009**

Styresak 115/09 O

Styremøte 02.12. 2009

Bakgrunn

I desember 2008 vedtok styret i Helse Vest (sak 124/08) hovudlinjer for vidareføring og styrking av kvalitetssatsinga i Helse Vest. Styret bad om at det to gonger i året skal leggjast fram ei sak om oppfølginga av kvalitetssatsinga. I juni 2009 blei ei første statusorientering lagt fram for styret (sak 55/09).

Her blir ein oppsummert status for kvalitetssatsinga hausten 2009 lagt fram.

Kommentarar

Kvalitetssatsinga i Helse Vest har lagt til grunn følgjande definisjon av kvalitet – og visjon for kvalitetsarbeidet:

“Med kvalitet forstås i hvilken grad aktiviteter og tiltak i helsetjenestens regi øker sannsynligheten for at individ og grupper i befolkningen får en ønsket helsegevinst, gitt dagens kunnskap og ressursrammer.” (Nasjonal helseplan 2007-2010 og styresak 117/05)

Kvalitetssatsinga er eit langsiktig arbeid som er forankra i Helse2020, og byggjer på Nasjonal helseplan. Satsinga byggjer òg på Nasjonal strategi for kvalitetsforbetring ved at måla i den nasjonale kvalitetsstrategien er nødvendige for å realisere visjonen om god kvalitet.

Utgangspunktet for kvalitetssatsinga er at ei god helseteneste kan bli enda betre. For å oppnå det vil kvalitetssatsinga understøtte dei pasientnære tenestene, dvs. kjerneverksemda, slik at kvalitetsarbeidet kan vere ein integrert del av den daglege verksemda.

I realiseringa av kvalitetssatsinga er det sett i gang arbeid innanfor fire hovudområde:

- **kunnskap** som grunnlag for fagleg verksemd
- **pasientfokus** for å møte pasientane og pasientane sine behov på ein god måte
- **pasienttryggleik** – redusere risiko for utilsikta hendingar
- **måling av resultat** som grunnlag for forbetring og for å vise fram at spesialisthelsetenesta leverer det samfunnet ønskjer

I tillegg føreset satsinga arbeid med internkontroll og risikostyring. Dette arbeidet blir ivareteke i tråd med m.a. styresak 10/09 og 97/09.

I arbeidet som er sett i gang inngår tiltak som stimulerer til kulturbygging og læring som ein viktig del for å understøtte iverksettinga av kvalitetssatsinga.

Hovudprinsippet for kvalitetssatsinga er lokal forankring og sentral koordinering. Hovudtyngda av arbeidet blir drevet på lokalt nivå med HF-et som ansvarleg, men på nokre vesentlege område er det behov for eit felles arbeid på tvers av føretaksgrensene i regionen. På desse områda blir arbeidet koordinert frå RHF-et.

Dei koordinerande ressursane i RHF-et er styrkt med ei heil stilling frå november 2009. Styrkinga vil gjere det mogleg å bistå prosjekta i kvalitetssatsinga med spesifikk fagleg kompetanse, og til å bidra til ytterlegare framdrift i arbeidet.

Det er i 2009 starta opp seks nye regionale prosjekt innanfor dei fire hovudområda. I tillegg er det tre prosjekt som har vore i arbeid ei tid, og eitt prosjekt i samarbeid med Kunnskapssenteret. Vi viser til oversikten i tabellen nedanfor og til nærmare omtale av prosjekta i styresak 55/09 frå juni.

For kvart av prosjekta er oppfølgings- og pådrivaransvaret lagt til eitt HF. For å sikre ei forpliktande gjennomføring av prosjekta er det inngått ei skriftleg avtale mellom Helse Vest RHF og pådrivar-HF-et.

Det er eit mål at alle helseføretaka i regionen deltar i alle prosjekta. Så langt er det deltakar-HF i alle prosjekta unntatt i to. For å sikre ei forpliktande deltaking, har deltakar-HF-a signert ei deltakarerklæring.

Avtalene og deltakarerklæringar fastlegg følgjande organisering og forplikting:

- Styringsgruppa for kvalitetssatsinga i Helse Vest er styringsgruppe for alle prosjekta.
- Oppfølgings- og pådrivaransvar for prosjekta inneber ansvar for:
 - samordning mellom deltakande helseføretak/institusjonar
 - leveransane i prosjektet i tråd med prosjektbeskrivinga
 - rapportering av aktivitet kvart kvartal og rekneskap årleg
 - spreie kunnskap/informasjon til alle helseføretak/institusjonar i regionen
 - implementere kunnskap frå prosjektet i drifta i eget helseføretak
 - stille med prosjektleiar
- Prosjektdeltaking inneber:
 - å vere ein aktiv samarbeidspartnar i prosjektet
 - å vere kjent med avtalen mellom Helse Vest RHF og HF-et som har oppfølgings- og pådrivaransvaret for prosjektet
 - å ha eit sjølvstendig ansvar for delleveransar i prosjektet i tråd med prosjektbeskriving
 - rapportere årleg på bruk av sin del av midlane til prosjektet
 - implementere kunnskap frå prosjektet i drifta i eget helseføretak
 - stille med kontaktperson/delprosjektleiar

I 2009 blei det sett av 10 mill. kr til prosjekta i kvalitetssatsinga. Midlane er fordelte mellom prosjekta i tråd med styresak 55/09 i juni, og utbetalte til pådrivar-HF og deltakar-HF-a etter ei fordeling fastsett i avtalene.

Dei seks nystarta prosjekta vil strekkje seg inn i 2010, og det er gitt tilsegn om prosjektmidlar, jf. sak 55/09. Når prosjektperioden er over vil arbeidet i hovudsak gå over i drift, og frigjort midlar vil kunne nyttast til nye prosjekt.

Med utgangspunkt i hovudlinjene som er trekte opp for kvalitetssatsinga i Helse Vest i sak 124/08, vil Helse Vest ta initiativ til at fleire nye regionale prosjekt kan starte opp 2011. Ein tek sikte på å få i gang ein prosess rundt dette tidleg i 2010. Helseføretaka vil bli inviterte til å ta på seg pådrivaransvar for nye prosjekt.

Den etablerte organisasjonen rundt kvalitetssatsinga vil vere viktig for å forankre denne prosessen og for å vidareutvikle innhaldet i kvalitetssatsinga. Den etablerte organisasjonen består av styringsgruppa for kvalitetssatsinga (fagdirektørane, brukarutval og konserntillitsvald) og av kvalitetsforum med deltakarar frå alle HF-a, dei private ideelle institusjonane, brukarutvalet og konserntillitsvalde.

Oversikt over prosjekt i kvalitetssatsinga

Prosjekt/tiltak	Mål	Pådrivar-ansvar	Deltakarar	Status
Kunnskap				
Kunnskapsbaserte retningslinjer innan helsefag	Utvikle standardiserte kunnskapsbaserte retningslinjer innanfor sjukepleiefaget og gjere desse tilgjengelege for bruk i alle sjukehusa	Helse Bergen	Helse Fonna Helse Stavanger Helse Førde	Prosjektperiode: 2009-2010 Aktuelle område for retningslinjer er fastsett. Workshop er gjennomført. Det er starta gjennomgang av litteratur.
Mini-HTA System for støtte i avgjerdsprosessen ved innføring av nye metodar (HTA = Health Technology Assessment = medisinsk metodevurdering)	Utvikle eit verktøy (mini-HTA) for vurdering og dokumentasjon av effekt, tryggleik, kostnader, ressursbehov og implikasjonar for pasient og organisasjon ved innføring av nye metodar. Det skal gjerast greie for kva konsekvensar det har for primærhelse-tenesta om den nye metoden blir teken i bruk	Helse Vest/ Kunnskaps-senteret	Helse Stavanger Helse Bergen	Oppdrag frå Helse Vest til Kunnskapssenteret. Pilotar er no under gjennomføring i Helse Stavanger og Helse Bergen.
Pasientfokus				
Pasientforløp	Bygge nettverk for kompetanseutvikling og erfaringsutveksling om m.a. metodar. Kurs, rådgiving og rettleiing, nettside med verktøy og metodar. Ulike forløpsprosjekt som delprosjekt. Monitoreringsprosjekt.	Helse Bergen	Helse Fonna Helse Stavanger HDS	Prosjektperiode: 2009-2010 Består av mange delprosjekt. Oppstart litt etter plan pga samkøyringa av alle delprosjekta. Detaljerte delprosjektskriv blir utarbeidd i oktober. Monitoreringsprosjektet blir sett på i samanheng med prosjektet kvalitetsmåling
Feilernæring og rus som risikofaktorar i den medisinske behandlinga	Utvikle kartleggingsreiskap og utvikle standardisert bruk av verktøyet for å oppnå tidlig og systematisk identifisering av risikoindikatorane.	Helse Bergen	Helse Stavanger Helse Fonna	Prosjektperiode: 2009-2010 Utvikling og testing av screeningverktøy er i gang. Noko sein oppstart for nokre delprosjekt pga personellsituasjon.
Pasienterfaringsundersøking	Etablere felles kjerne-spørsmål og datainn-samlingsmetodikk og felles IKT-verktøy for gjennomføring (data-registrering og resultat-presentasjon) av lokale pasienterfaringsundersøkingar.	Helse Bergen/ Kunnskapssenteret	Helse Stavanger HDS Jæren DPS Bergens-klinikkene Brukarutval Tillitsvald	Sluttrapport levert: Det er utvikla spørjeskjema med 10 generiske spørsmål + 1-3 tilleggsspørsmål for ulike pasientgrupper innanfor somatikk, rus psykiatri og omsorgsnivåa døgn, dag, poliklinikk. Ulike alternativ til felles IKT-verktøy er til vurdering.

Prosjekt/tiltak	Mål	Pådrivar-ansvar	Deltakarar	Status
Pasienttryggleik				
Læring frå uønskte hendingar (Synergi)	Betre utnytting av Synergi. Forenkle tilgangen til rapportar, utvikle verktøy for analyser av alvorlege hendingar. Kurs og rettleiing i årsaksanalyse	Helse Bergen	Foreløpig ikkje andre deltakarar	Prosjektperiode: 2009-2010. Arbeidet i gang etter planen. Det blir arbeidd med å rekruttere prosjekt-medarbeidar frå anna HF.
Safe Surgery – Trygg kirurgi vernar liv	Utprøving og innføring av WHO prototypen "Safe Surgery Saves Lives" i Førde og Bergen, og deretter i Fonna og Stavanger	Helse Førde	Helse Bergen Helse Stavanger Helse Fonna	Prosjektperiode: 2009-2010 Startkonferansar er gjennomført. Oversetting av sjekklister ferdig. Første versjon av norsk implementeringsrettleiar er utvikla. Pilot har starta i Førde.
Legemiddel-behandling og pasienttryggleik (LOP)	Betre kvalitet og pasienttryggleik knytt til legemiddel-handtering og -forsyning i Helse Vest ved å foreslå og setje i verk tiltak for å redusere unngåelege, uheldige legemiddel-hendingar.	Apoteka Vest/ Helse Vest	Helse Førde Helse Bergen Helse Fonna Helse Stavanger Helse Vest IKT Brukarutval Tillitsvald	LOP I: Leverte tilrådingar våren 2009. LOP II: Skal innan desember 2009 konkretiserer tilrådingane i ein handlingsplan for 2010-2015. LOP III: Under planlegging for å realisere handlingsplanen.
Måling av resultat				
Kvalitetsmåling	Foreslå eit over-gripande rammeverk for kvalitetsmåling og –monitorering. Leggje til rette for eit system slik at fagmiljø og leiarar kan få betre reiskap til å følgje resultat frå den kliniske verksemda	Helse Bergen	Foreløpig ikkje andre deltakarar	Prosjektperiode: 2009-2010 Forprosjekt starta opp i oktober. Faglig referansegruppe er under etablering. Avklaring av relasjon til heilskapeleg styringsinformasjon.
Utprøving og implementering av felles teknisk infrastruktur for medisinske kvalitetsregister	Effektivisere arbeidet med etablering og drift av kvalitetsregister. Regionalt prosjekt som følgjer opp samarbeidet mellom RHF-a. Felles RHF-arbeid med formål å og auke kvaliteten på registra for å kunne bruke data til å forbetre og justere tenestene.	Helse Vest/ Helse Vest IKT	Regionalt fagsenter for kvalitetsregister Helse Bergen. Samarbeid med Helse Midt-Norge (HEMIT) og Helse Nord (SKDE).	Dei fire regionalt eigde nasjonale registra testar i haust ny, felles IKT-løysing (MRS utvikla ved HEMIT). Implementering er planlagt frå 01.01.10. Dei fire registra er Kolsregisteret, Intensiv-registeret, Diabetes for voksne-registeret og Leppe/kjeve/ganespalte-registeret. Deretter startar arbeidet med å konvertere dei etablerte registra til ny IKT-løysing.

Strategiske verkemiddel – kulturbygging og læring

Prosjekt/tiltak	Mål	Pådrivar-ansvar	Deltakarar	Status
Årleg kvalitetskonferanse	Bli den viktigaste møteplassen for kvalitetsarbeid og læring i Helse Vest	Helse Vest/ Helse Bergen	Kvalitetsforum	Blir arrangert for tredje gang 25.-26. februar 2010 på Solstrand hotell
Kvalitetspris	Prisen vil synleggjere arbeidet med kvalitet, og vil vere eit insitamant og viktig for omdømme	Helse Vest/ Helse Bergen	Kvalitetsforum	Tek sikte på å tildele prisen på kvalitetskonferansen 2010
Kvalitetsutviklingsmidlar/ såkornmidlar	Stimulere til lokale initiativ til kvalitets-arbeid	Helse Vest	Kvalitetsforum	Såkornmidlar er tildelt for tredje gang i 2009 – 3,6 mill. kr til 29 prosjekt. Mottok 110 søknader frå HF-a og private ideelle
“Informasjonsbank”	Erfaringar og resultat må vere tilgjengelege for alle, for gjenbruk og informasjons-overføring	Helse Bergen	Helse Fonna Helse Stavanger HDS	Inngår som delprosjekt i pasientforløpsprosjektet
Rådgivings- og rettleiingsteneste	Understøtte det lokale kvalitetsarbeidet med rådgiving og rettleiing i ulike typar metode-spørsmål	Helse Bergen	Helse Fonna Helse Stavanger HDS	Inngår som delprosjekt i pasientforløpsprosjektet
Opplæring	Som ein integrert del av ulike prosjekt.	Helse Bergen Helse Førde	Helse Fonna Helse Stavanger HDS	Inngår som delprosjekt i - Pasientforløpsprosjekt - Safe Surgery-prosjekt - Feilernæring/rus-prosjekt - Læring frå uønskete hendingar (Synergi)

Forslag til vedtak

1. Styret tek saka til orientering.
2. Styret ber om at status og resultat i prosjekta blir omtalt i seinare styresaker (jf. styresak 124/08) og i styreseminar.